

# MEDDELELSER

FRA

## DET NORSKE MYRSELSKAP

Nr. 6.

December 1926

24de årgang.

---

Redigert av Det Norske Myrselskaps sekretær, torvingeniør J. G. Thaulow.

---

### NOKRE RESULTAT AV POTETDYR KING PAA MYRJORD

Fraa Det norske Myrselskaps forsøksstasjon paa Mæresmyra.

Av forsøksledar *Hans Hagerup*.

**F**ORSØK med poteter er ikkje dreve noko større med her ved forsøksstasjonen. Fraa 1908 og til 1915 har det vore utført forsøk med ymse potetslag, men seinare har desse forsøk skrumpa inn, slik at vi i dei siste aar mest berre har dyrka eit potetslag. Avlingen er i alle aar kontrollera. Naar potetdyrkinga har teke so liten plass her, so er vel hovudgrunnen den, at poteten har vist seg og vera noko usikker paa myrjard, som er utsett for nattefrost paa ettersumaren. Til dette kjem og at vi har for lite lagringsrom for poteter fraa noko større areal. Men trass i at nattefrosten er ein lei fiende for potetdyrkinga paa myrjard so har resultatet fraa vaare dyrkingar ikkje vore so reint ille, som det vil gaa fram av seinare opplysninger. Det er difor full grunn til aa ta op potetforsøk i større vidd enn til no har vore tilfellet, baade forsøk med ymse slag, groing av settepoteter, settetider, gjødsling, sannkjøring o. fl. spursmaal, som det vil ha stor interesse aa faa utrøynt. Etterkvart som dei store myrane vert teke under kultur, og vi fær heimar som berre har myr til kulturjard, vil poteten vera den jordbruksvekst, som brukaren fyrst vil dyrka. Det er daa spursmaal om han med noko vinning kan dyrka denne vekst paa slik jord, og i tilfelle, korleis kan ein paa beste maate dyrka poteter der. Ein kann ikkje her utan vidare byggja paa dei resultat som er faatt paa fastmarksjord, endaa dei i ymse spursmaal er til god rettleiding, men i andre kann dei ikkje vera det.

Ved Svenska Mosskulturforeningens forsøksgardar<sup>1</sup> Flahult (paa mosemyr) og Torestorp (paa grasmyr. Denne gard er nu nedlagt) har dei i mange aar og med godt resultat dyrka poteter. Paa Flahult

<sup>1</sup>) H. Witte: Potatisodling paa torvjord.

staar potetene høgst i foreiningar pr. dekar av jordbruksvokstrane i aara 1914—1924, med 649 (eller 3245 kg. knollar, eit uvanleg godt resultat paa slik jord. Paa Torestorp har ikkje resultatet vore so godt, men medelavkastnaden har der i tida 1909—1918 vore 2140 kg. knollar pr. dekar. Rett nok ligg desse gardar lenger mot sud enn Mæresmyra, omlag som Skagen i Danmark; men begge gardar er utsett for nattefrost i vegetasjonstida, og i sterkare grad har det vore tilfellet ved Torestorp enn Flahult.

Resultatet av potetforsøk som fyrr er utført paa Mæresmyra, er gjort kjent i «Meddelelserne» for 1908<sup>1)</sup>, 1909<sup>2)</sup> og 1913<sup>3)</sup>. Her skal gjerast greide for resultatata av dyrkingarne fraa 1910 til og med 1925, ialt 15 aar, aaret 1910 er ikkje medteke daa det ingen potet-avling vart paa grunn av mykje frost i veksttida.

### Oplysningar om jord, gjødsling og veksttid.

Eit samla oversyn over dyrkningsalder av myra, gjødsling, sette- og haustetid, er gjeve i tabel 1. I alle aara er poteterne dyrka paa grasmyr, som har vore meire eller mindre molda, alt etter den tid jorda har vore under kultur. I aara 1911 til 1918 har potetfeltet lege anten paa heilt nydyrka grasmyr, eller myr som har vore opdyrka 2—3 aar i fyrevegen, myra har i desse aar vore lite, tildels middels molda. Dei seinare aar, fraa 1919 til 1925 har potetfelte lege paa myr som har vore under kultur fraa 5 til 11 aar, denne har soleis, serleg dei siste aara, vore godt molda.

Gjødslinga har, som det vil gaa fram av tabellen, variert noko, etter kulturtilstandet. Nydyrka myr har faat 100 kg. tomasfosfat (i 1913 40 kg. superfosfat) pr. dekar; 2dre og 3dje aaret etter opdyrkinga 40 à 50 kg. tomasfosfat eller 40 kg. superfosfat. Jord som har vore under kultur ei tid har faatt fraa 18 til 40 kg. superfosfat pr. dekar. Kaligjødslinga har vore fraa 20 kg. til 40 kg., 37 og 40 % kalisalt. I 1911 er gjeve kainit. Kvævegjødslinga har heller vore i veikaste laget dei fyrste aara, daa myra var mindre molda, fraa 10 kg. til 15 kg. norgesalpeter, med eit tilskot av ammoniumnitrat paa 5 kg. i 1912. I dei siste aar er gjeve 20—30 kg. norgesalpeter pr. dekar. Husdyrgjødsel er ikkje gjeve noko regelvisst, av den grunn at det har vore lite av denne. Det er gjeve 5 til 10 lass i 3 av dei fyrste aara, og dette har hjulpet noko paa den elles veikte salpetergjødsling.

Potetene er som regel sette i dei siste dagar av mai, tidlegast er dei sette i 1921, den 14. mai, og seinast i 1917, den 7. juni. Op- takinga har gaatt fyre seg sist i september, som regel. Tidlegast i 1912, den 27. august (det er uvanleg tidleg), men elles har haustetida

<sup>1)</sup> O. Glærum: Dyrkningsforsøk med tre potetsorter.

<sup>2)</sup> O. Glærum: — » fem —

<sup>3)</sup> J. Lende-Njaa: Utsæd fra myr paa fastmark.

Tab. 1. *Dyrkingsalder av myra, gjødsling pr. dekar, settetid, optakingstid og veksttid i dei ymse aar.*

Aar	Dyrkingsalder	Fosfatgjødssel kg.	Kali-gjødssel kg.	Salpeter kg.	Husdyr-gjødssel lass	Sett	Op-teke	Vekst-døgn
1911	Nydyrka myr	40 tomasfosfat	80 kainit	15 norgesalpeter	8	15/5	9/10	143
1912	Opdyrka 1910	50 tomasfosfat	40—37% kalisalt	15 — + 5 am-nitr:		20/5	27/8	100
1913	Nydyrka myr	40 superfosfat	40 —	15 norgesalpeter	5	20/5		
1914	—»—	100 tomastof.	33 —	10 —		23/5	30/9	130
1915	—»—	100 tomasfosf.	25 —		10	29/5	28/9	122
1916	Opdyrka 1915	40 superf:	25 —	10 —		20/5		
1917	Opdyrka 1914	40 —	25 —	10 —		7/6	29/9	113
1918	Opdyrka 1915	20 —	20 —	10 —		23/5	26/9	126
1919	Opdyrka 1914	30 —	20 —	15 —		23/5	30/9	130
1920	Opdyrka 1915	40 —	40 20% kalisalt	30 —		31/5	5/10	127
1921	Opdyrka 1915	30 —	20 40% kalisalt	20 —		14/5	12/10	150
1922	Opdyrka 1913.	40 —	20 —	25 —		23/5	22/9	122
1923	—»—	18 —	25 —	25 —		18/5	30/9	135
1924	—»—	25 —	40 —			19/5	22/9	125
1925	Opdyrka 1916	30 —	40 —	30 —		20/5	25/9	128

variera millom 22. september (1922 og 1924) og 12. oktober (1921). Medelvekstida i desse aar vert 128 døgn,

### Forsøk med ymse potetslag.

Fraa 1911 til 1915 er samanlikna desse slaga:

*Ny Matador* (tidleg) *Marius*, *Skaun* (begge halvtidlege), *Grahm* og *Halsnes* (halfseine slag). Fraa 1914 til 1918 har dessutan *Mosros* og *Hatfeld* vore prøvde. Dei er tidlege slag.

Potetene er dyrka paa drill med 60 cm. avstand, og alle slaga er sette med ein avstand av 30 cm. i rada.

Avlingen av knollar og turremne av dei ymse slaga er framstilt i tab. 2 for tida 1911—1918 og i tab. 3 fraa 1919 til 1925. For

Tab. 2. Avling av knollar og turremne pr. dekar, og ved Det norske Myrselskaps

Slag	1911			1912			1913			1914			1915		
	Kg. pr. dekar		Turremnepct.	Kg. pr. dekar		Turremnepct.	Kg. pr. dekar		Turremnepct.	Kg. pr. dekar		Turremnepct.	Kg. pr. dekar		Turremnepct.
	Knollar	Turremne		Knollar	Turremne		Knollar	Turremne		Knollar	Turremne		Knollar	Turremne	
Grahm . . .	3662	648	17,7	1406	252	17,9	1056	167	15,8	1398	222	15,9	1175	197	16,8
Halsnes. . .	4340	746	17,2	1673	306	18,3	1860	264	14,2	2168	377	17,4	1663	281	16,9
Ny Matador	3420	571	16,7	2025	367	18,1	1120	185	16,5	2229	359	16,1	2283	354	15,5
Skaun . . .	3464	630	18,2	1680	351	20,9	1356	226	16,7	2130	405	19,0	1450	271	18,7
Marius . . .	(3090	556	18,0)	1392	283	20,3	1052	161	15,3	1882	322	17,1	1183	214	18,1
Mosros . . .	—	—	—	—	—	—	—	—	—	2297	379	16,5	1267	201	16,0
Hatfjeld . .	—	—	—	—	—	—	—	—	—	1710	280	16,4	833	137	16,5

aa faa samanlikning millom det ymse slag som har vore med i forsøka like mange aar, er utrekna medeltal for dei fyrste 5 aar (1911—1915), daa 5 ulike potetslag var dyrka. Aaret 1910 er ikkje medteke, daa frosten heilt øydelagde avlingen. Det kann likevel ha sin interesse aa nemna temperaturobservasjonane for frostnetterne. Poteterne vart sette paa nydyrka myr den 20. mai. Telen var daa omtrent burte overalt. Dei var gjodsla med 60 kg. superfosfat, 35 kg. 37 % kalisat, 20 kg. norgesalpetar (10 ved setting og 10 ved 1ste molding). Den 22. juni var ei frostnatt paa  $\div 3,5^{\circ}$  C. Potetgraset fraus daa heilt ned. Den 11. juli var det  $\div 1^{\circ}$  C, som skadde blada litt, den 18. juli  $\div 2,5^{\circ}$  C som øydelagde blada heilt, og den 19. juli  $\div 4,8^{\circ}$  C, graset fraus daa heilt ned. Nytt gras kom, men den 14. august var  $\div 4^{\circ}$  C, og paany fraus graset ned. Under slike tilhøve var det ikkje ventande at det kunde verta nokon potetavling. Frosten sin innverknad paa avlingen dei fylgjande aar, vil bli omtala litt seinare.

I den nemte 5 aarsbolken har *Halsnes* gjeve den høgste medelavling av knollar og turremne pr. dekar — 2355 kg. knollar, eller 395 kg. turremne etter ein medelpct. av 16,8. Høgst var avlingen i 1911 med 4340 kg. knollar, dei andre slaga har og gjeve den høgste avkastnad det aaret. Turremneprocenten er laag hjaa Halsnes, laagst var denne i 1913, med 14,2 %, høgst i 1912, med 18,3 %. Halsnes har staat millom dei aller fremste i avkastnad fleire stader i landet, baade langt nord og langt sud, etter resultatata fraa Landbrukshøgskolens aakervekstforsøk; men han er likevel lite utbreid, paa grunn av at han er so sjukleg, og er vel nærmast difor gaat ut av sortforsøka ved forsøksstasjonane. Som matpotet er han ikkje god. B. R. Larsen<sup>1)</sup>

<sup>1)</sup> B. R. Larsen: Erindringsliste for 1908 i Landbrukshøgskolens beretning.

turremnepct av ymse potetslag dyrka 1911—1918.  
Forsøksstasjon paa Mæresmyra.

1916			1917			1918			Medeltal 1911—1915 (5 aar)			Medeltal for alle aar		
Kg. pr. dekar		Turremnepct.	Kg. pr. dekar		Turremnepct.	Kg. pr. dekar		Turremnepct.	Kg. pr. dekar		Turremnepct.	Kg. pr. dekar		Turremnepct.
Knollar	Turremne	Turremnepct.	Knollar	Turremne	Turremnepct.	Knollar	Turremne	Turremnepct.	Knollar	Turremne	Turremnepct.	Knollar	Turremne	Turremnepct.
—	—	—	1826	347	19,0	—	—	—	1740	297	16,8	1754	305	17,1
—	—	—	—	—	—	—	—	—	2355	395	16,8	2355	395	16,8
—	—	—	—	—	—	—	—	—	2215	367	17,0	2215	367	17,0
—	—	—	—	—	—	—	—	—	2016	377	18,7	2016	377	18,7
—	—	—	—	—	—	—	—	—	1720	307	17,8	1720	307	17,8
1680	344	20,4	1848	377	20,4	2394	438	18,3 <sup>1</sup>	—	—	—	1897	348	18,3
1300	256	19,7	1591	334	21,0	—	—	—	—	—	—	1359	352	18,4

<sup>1</sup> Medeltal.

rekner han til brenneri- eller førpotet. Larsen<sup>1)</sup> peikar paa at Halsnes kan passa i fjellbygder og langt nord der turraate ikkje trivst, daa han har vist større motstandsevne mot *nattefrost*. Men det er lite truleg at den vesle skilnad det kann vera i so maate slaga i millom paa grunn av større eller mindre risvekst har noko stort verd for storleiken av avlingen.

*Ny Matador* og *Skaun* staar omlag likt i avkastnad. Den fyrste har gjeve noko større knollavling, men daa *Skaun* har litt større turremneprocent kjem denne høgst i avling av turremne, med 377 kg. pr. dekar og *Ny Matador* med 367 kg. Imidlertid er *Skaun* mindre motstandsdyktig mot sjukdom (turraate) enn *Ny Matador*, so den siste er halden betre. Paa den andre sida synest *Ny Matador* aa vera noko utsett for *stengelbakteriose*, likeso *Marius*, etter dei undersøkingar som forsøksleiar P. J. Løvø<sup>2)</sup> har gjort ved Statens forsøksgaard, Vold.

*Marius* staar noko mykje tilbake i avkastnad for dei slag som er neent, baade i knollavling og i turremne. Pr. dekar har han i denne perioden gjeve 307 kg. turremne. Han er medeltidleg som *Skaun*. *Marius* er kjennt for aa vera *sers motstandsdyktig* mot sjukdomar, og ein uvanleg god matpotet (paa fastmarksjord), men han er og eit utprega smaaknolla slag, og ved dyrking paa myrjord vil det vonleg verta større pct. smaaknollar enn paa fastmarksjord.

*Grahm* er eit halvseint slag; han har gjennomgaaende gjeve laage avlingar i denne 5 aars bolken, kjem og laagast i medelavkastnad, med 297 kg. turremne pr. dekar. Daa *Grahm* er kjennt for aa vera sers haldbar mot sjukdomar og er ein fin potet, kann det likevel verta

<sup>1)</sup> B. R. Larsen: Frøi 1909, side 157.

<sup>2)</sup> Beretning for 1924, s. 24.

spursmaal om han til dyrking paa myrjard. Dessutan viser dei seinare aars dyrking paa godt molda myr, at han har gjeve gode avlingar.

*Mosros* og *Hatfjeldpotet* har begge vore med i heilt andre aar enn dei fyrr nemde, so ein kann ikkje faa noko direkte samanlikning med desse. Begge er dei tidlege slag. *Mosros* er fiolet av farge, kjøttet er kvitt, grorhola («augo») er djupe. *Hatfjell* har ein blaalig



Fig. 1. *Grahmpotet* fraa Mæresmyren 1924.

skalfarge. I dei aar desse 2 slag er prøvd saman, har *Mosros* gjeve 325 kg. og *Hatfjell* 252 kg. turremne pr. dekar i medetal. turremne-pct. er aa segja lik. Samanliknar ein *Mosros* og *Grahm* for dei aar dei har vore dyrka saman, har *Mosros* gjeve 336 kg. og *Grahm* 253 kg. turremne pr. dekar.

I tabel 3 er framstilt avlingen av *Grahm* i aara 1919 til 1925, og *Mosros* 1919—21. Det viser seg at *Grahm* i denne bolken staa bra og serleg i dei 4 siste aar. Men det er daa ikkje dyrka noko anna potetslag til samanlikning. Nye forsøk med nokre nye potetslag i samanlikning med *Grahm* vil verta opteke for nærmare aa prøve om han verkeleg kjem til aa halda seg underlegen paa myrjard.

Av det som her er omtala gaar fram at medelavkastnaden av dei ymse potetslag ikkje vore serleg høg. Avlingane har fraa aar til anna skifta mykje. Aarsakane hertil er fleire, som grip inn i kvarandre, slik at det er ikkje godt aa segja sikkert at *ein bestemt aarsak* har avgjort

Tab. 3. *Avling av knollar, turremne pr. dekar, og pot. turremne hjaa Graham 1919—1925, og Mosros 1919—1921.*

Aar	Graham			Mosros		
	Kg. pr. dekar		Turr- emne- pct.	Kg. pr. dekar		Turr- emne- pct.
	Knollar	Turr- emne		Knollar	Turr- emne	
1919 . . . . .	1260	215	(17,1)	1635	299	(18,3)
1920 . . . . .	1374	238	17,32	1932	347	17,94
1921 . . . . .	1553	298	19,20	2245	411	18,30
1922 . . . . .	2341	428	18,30	—	—	—
1923 . . . . .	2305	408	17,72	—	—	—
1924 . . . . .	3425	658	19,20	—	—	—
1925 . . . . .	2540	512	20,16	—	—	—
Medeltal . . .	2114	394	18,43	—	—	—
Medeltal 1919—1921	1396	251	17,87	1937	352	18,18

avlingsstorleiken. Paa myrjord maa ein rekna med at frosten kan skada, og serleg frost paa *ettersumaren*; di tidlegare han daa kjem di mindre vil avlingen som regel verta. I 1912, 1913, 1914 og 1915 var noko mykje frost paa *ettersumaren*, mest i 1913 og 1915, og det vil gaa fram av tab. 2 at avlingane var smaa i desse aar. I 1913 var det 5 frostneter i juli md. med  $\div 3^{\circ}$  C som laagste minimum (6. og 24. juli). 4 frostneter i august, med  $\div 2^{\circ}$  C laagste minimum (19.). 4. sept. var  $\div 5,7^{\circ}$  C. I 1915 var 3. juli  $\div 3,3^{\circ}$  C, i august 5 frostneter med laagste minimum den 30.,  $\div 3,5^{\circ}$  C. Ved sida av frost som har vèrtilhøva elles stor innverknad paa potet-avlingen. Det kan nemnast, at mest ugunstig soleis var 1915, 1919, 1921 og 1923, alle desse aar var kalde og regnfulle. Dinest har gjødslinga sin store innverknad, og i serleg mun har for lite kvæve-gjødsling vore aarsak til liten avling. I dei fyste aara har poteten vore dyrka paa nybrott eller paa jord som berre hadde vore oppe eit par aar. Slik jord er takksam for tilføring av kvæve, og det er truleg at kvævetilførsla har vore for lite i desse aara. I dei seinare aar er poteten dyrka paa betre molda myr, med god tilgang paa kvæve, og avlingane er vorte større. Nokon større skilnad elles paa nybrott og eldre myr som jord til poteter er litet truleg det er, naar ein berre i fyrste tilfelle tilfører kvæve nok, anten i salpeter eller for ein del i husdyrgjødsel. Fosforsyra og kaligjødsel trengs alltid aa forast til paa myrjord.

### Innhaldet av turremne i myrjord og fastmarkspotet.

Det er aalment kjent at myrjordpotet ikkje er god til mat. Dette kann vel staa noko i samband med at han er ikkje so rik paa turremne som fastmarkspotet, og heller ikkje naar so god mogning som denne. I dei 5 siste aara (1921—1925) har vi dyrka Grahmpotet foruten paa myrjord ogsaa paa fastmark (leirholdig morenejord), som ligg 3—400 m. fraa forsøksstasjonen. Turremneprocenten er undersøkt i poteterne fraa baare stader, og resultatet er framstilt i tabel 4.

Tab. 4. *Innhald av turremne og stivels i Grahmpotet fraa myrjord og fastmarksjord, 1921—1925.*

Aar	Turremne pct i:		Stivels i:	
	Grahm fraa myrjord %	Grahm fraa fastmark %	Grahm fraa myrjord %	Grahm fraa fastmark %
1921 . . . . .	19,2	19,7	13,4	13,9
1922 . . . . .	18,3	22,3	12,5	16,5
1923 . . . . .	17,72	19,2	11,9	13,4
1924 . . . . .	17,8	19,2	12,0	13,4
1925 . . . . .	20,16	20,31	14,36	14,51
Medeltal . . . . .	18,62	20,14	12,83	14,34

Som det av denne vil gaa fram har *skilnaden* i innhald av turremne svinga nokso mykje fraa aar til aanna, fraa 0,15 % til 4 %, men i alle aar høgst hjaa fastmarkspoteten. Medeltalet vert slik:

Fastmarkspotet . . . . . 20,14 % turremne  
 Myrjordspotet . . . . . 18,62 % —

Skilnad. . . . . 1,52 % —

Det er serleg om hausten at myrpoteten ikkje er god til mat. Men naar han har vore lagra ei tid, utover mot vaarparten, vert han slett ikkje so ille til mat heller. Til fôr maa noko meire til for aa gjera godt for fastmarkspoteten. Reknar ein at det gaar 0,9 kg. *turremne* i potetene til 1 fôreining (ved produksjon av flesk), vil det av Grahmpotet fraa myrjord gaa ca. 5 kg. *pr. f.e.* i medel etter dei turremneanalyser vi har av denne (11 aar).

I femaaret 1911—1915 viser dei prøvde slag eit slikt turremneinnhald:

Skaun . . . . . 18,7 %  
 Marius . . . . . 17,8 %  
 Ny Matador . . . . . 17,0 %  
 Grahm . . . . . 16,8 %  
 Halsnes . . . . . 16,8 %



Veksling av utsed med poteter paa fastmark fraa myrjard og omvendt, er litet klaarlagt med forsøk her. Som fyrr omtala er eit slikt forsøk utført i 1912 og gjort greide for i tidsskriftet for 1913. Daa var asmanlikna utsed fraa fastmark og fraa myrjard, dyrka paa moldrik leirjard. Resultatet var at utsed fraa myrjard gav 10 kg. meireavl pr. dekar enn fastmarksutsed, eller aa segja like stor avling. Utanlandske forsøk viser at myrjardspotet gjev større avkastnad enn fastmarkspotet som utsed paa fastmark. Forsøk<sup>1)</sup> ved Svenska Mosskulturföreningens forsøksgaard, Flahult, 1913—1922 har vist, at myrjardspotet (mose-myrr) som utsed paa sandjord har gjeve i medeltal 16 % høgare avling enn utsed som er produsera paa sandjord.

I 1925 vart ved Myrselskapets Forsøksstasjon utført eit forsøk for samanlikning millom fastmarkspotet og myrjardspotet som utsed paa myrjard. Feltet laag paa grasmyr, med fylgjande gjødsling: 30 kg. superfosfat + 40 kg. (40 %) kalisalt + 30 kg. norgesalpeter som overgjødsling. Potetene sett 20. mai og teke op 25. september. Resultatet ser slik ut:

Utsed: Grahpotet	Pr. dekar, kg.		
	Store poteter	Smaa poteter	Sum
Fraa myrjard . . . . .	1947	340	2287
» fastmarkspotet . . . . .	2033	254	2287
Meiravl + eller mindreavl ÷ med myrjardspotet . . . . .	÷ 86	+ 86	

Totalavlingen er like stor for dei 2 slags utsed. Det er nokon skilnad i samhövet millom store og smaa poteter; fastmarkspotet har gjeve ca. 4 % meire storpotet, medan myrjardspotet har gjeve 4 % meire smaa potet. Eit aars forsøk kann ikkje gjeve sikkert svar, men forsøket vert gjenteke.

## 2 aars forsøk med hypping og ikkje hypping av potetene.

Aa hyppa (mylda) potetene er eit arbeid som alltid vert utført, og meininga har vore den at dette arbeid auka potetavlingen, ved at det skaut ut nye knollberande utlauparar naar jord vart lagt op omkring dei nedre stengeldelar. Forsøk utført i den seinare tid synes aa visa, at so ikkje er tilfellet. Men dette arbeid vert likevel utført, fordi at ugraset vert døyvt, og optakinga av potetene vert betre aa utføra.

<sup>1)</sup> H. Witte: Potatisodling på torvjord, s. 25.

Her ved Forsøksstasjonen har vi i 2 aar utført forsøk med hypping og ikkje hypping av potetene. Resultatet er framstilt i tab. 5.

Tab. 5. 2 aars forsøk med hypping og ikkje hypping av potetene paa Mæresmyra.

	Avling pr. dekar			Turr- emne- pct.	Turr- emne- pr. dekar	Pct. smaa- potet
	Knollar					
	Store	Smaa	Sum			
I Hyppa 1923 . . . . .	2101	227	2328	17,72	413	9,7
1924 . . . . .	3114	280	3394	19,20	652	8,2
II Ikkje hyppa 1923 . . . . .	2050	232	2282	17,72	404	10,2
1924 . . . . .	3182	273	3455	19,20	663	8,0
<i>Medeltal 1923—24:</i>						
I Hyppa . . . . .	2608	253	2861	—	533	9,0
II Ikkje hyppa . . . . .	2616	252	2868	—	534	9,1

I medeltal for dessa aara — 1923 og 1924 — staar dei to framgangsmaatar aa segja likt, men en liten skilnad er det millom dei 2 aar, kvar for seg. I 1923 var avlingen størst der *det var hyppa*, meiravlingen var 46 kg. knollar eller 9 kg. turrstoff pr. dekar. I 1924 var det størst avling der *det ikkje var hyppa*, 61 kg. knollar eller 11 kg. turrstoff pr. dekar meire enn der det var hyppa. Skilnaden er ikkje stor, men det ligg nær aa tru at vertilhøva dei enkelte aar har noko aa segja. I 1923 var sumarhalvaaret kaldt og regnrjkt, medan det i 1924 var varmt paa ettersumaren og mindre regn enn i 1923. Det er sjølv sagt umogeleg aa døma sikkert om desse forhold berre etter eit par forsøk. I eit kaldt og regnrjkt aar vil vonleg hypping verka gunstig, men i eit turrt og varmt aar vil drillarne turka forare ut.

Gjødslingsforsøk som gaar ut paa aa finne den heldigaste gjødsling til poteter, er ikkje utført her ved Forsøksstasjonen. I 1922 vart utført eit forsøk til sammanlikning millom 40 % kalisalt og kalikalk til poteter. Dette forsøk er omtala i meldinga for 1923 og skal ikkje takast att her; men resultatet av askeanalyserne av avlingen etter dei ymse gjødslingar er fyrr ikkje referera. Det er framstilt i tab. 6.

Grunngjødsling var pr. dekar, 40 kg. superfosfat + 25 kg. norgesalpete, og der er gjeve 4 og 8 kg. kali i dei 2 kaligjødselslag. Analysone er omrekna til 18 % turremne. Askeinnehaldet ligg laagt i forhold til andre kjennte analysor. Innhaldet av kvæve og fosforsyre er normalt. *Grunngjødslinga* har vore rikelig nok, serleg av fosforsyra:

Tab. 6. Prosentisk innhald i potetknollar av  $N, P_2O_5, K_2O$  og aske etter ulik kaligjødsling, omrekna til 18 % turremne. (1922).

Ulik kaligjødsling pr. dekar. + Grunnkjødsling: 40 kg. superfosfat + 25 kg <sup>1</sup> norgesalpeter	Kg. knollar pr. dekar	Turremne %	Aske %	N %	$P_2O_5$ %	$K_2O$ %
I Utan kali . . . . .	1330	18	0,47	0,42	0,13	0,25
II 4 kg. kali, vassløyseleg i kalk . . . . .	1879	18	0,57	0,35	0,11	0,32
III 4 kg. kali i 40 % kalisalt + kalk som II . . . . .	1594	18	0,61	0,47	0,14	0,30
IV 8 kg. kali, vassløyseleg i kalk . . . . .	2495	18	0,59	0,34	0,11	0,31
V 8 kg. kali i 40 % kalisalt . . . . .	2077	18	0,55	0,34	0,09	0,31
Medeltal etter 4 kg. kali (II og III)	1737	—	0,59	0,41	0,13	0,31
— » 8 » » (IV og V)	2286	—	0,57	0,34	0,10	0,31

For 4 kg. kali er fosforsyre pct. i knollar 0,13 og kvæve pct. 0,41  
» 8 » » » — i » 0,10 » » 0,34

Innhaldet av kvæve skulde fordra ei sterkere kvævegjødsling enn som er bruka, men myrjorda var so godt molda, at det skorta ikkje paa kvævetilgang.

Kaliinnhaldet er likt etter 4 og 8 kg. kali, 0,31 % i medeltal. Ei lita auking er det fraa der ikkje kali er gjeve. Innhaldet synest aa vera for laag, etter andre kjennte analyser, til aa gje høgste avling. I allefald er det sikkert at ei sterkare kaligjødsling enn som er gjeve, vilde kunne gje større avling, daa det som er gjeve, sovidt dekkjer det som er ført burt med knollavlingen. Svenske analyser viser eit kaliinnhald av 0,68 % i poteter fraa grasmyr etter 25 % turremne, etter 18 % vert det 0,62 %.

### Samandrag.

- Poteten har vist seg aa vera ein noko usikker vekst paa myrjord som er utsett for nattefrost paa ettersumaren. Avlingarne fraa dei ymse aar har svinga mykje. Aar med laag avlingar, kann for det meste tilskrivast sterk frost paa ettersumaren. Di tidlegare og hardare frosten kjem, etter at poteten er kommen op, di større faare er det for at avlingen vert liten.
- Medelavlingane for dei ymse slag er ikkje store. Dei tidlege slag: *Ny Matador*, Mosros og Skaun (halvtidleg), har gjeve noko større avling enn t. d. Graham, som er seinare. *Av desse torde*

*Ny Matador vera aa tilraa framfor dei andre to.* Skaun er mykje utsett for sjukdom. Graham har gjeve mindst avling i dei aar han er prøvd saman med andre. I dei seinare aar, paa godt molda myr, har han gjeve gode avlingar, men er daa ikkje samanlikna med andre slag. Han held seg godt. Marius staar om lag som Graham, han har mykje smaapotet. Halsnes har gjeve den høgste avkastnad av dei prøvde slag i 1911—1915; men daa han rotnar lett, kan han ikkje tilraadast til dyrking. Han er noko sein. Bladutviklinga er rikeleg.

3. Innholdet av turrenne er laagare i potet fraa myrjord enn fraa fastmark. I samanlikningsaara har skilnaden vore 1,5 %, nemleg 20,14 % fraa fastmark og 18,62 % fraa myrjord (Graham). Til 1 f.e. vil gaa med ca. 5 kg. myrjordspotet. Til mat er myrjordspotet ikkje god. Etter lengre lagring vert han brukande. Til settepoteter er han fin.
4. Eit aars prøve (1925) med utsed av Grahmpotet fraa myrjord og fastmark til dyrking paa grasmyr, viste ingen skilnad i totalavlingen.
5. To aars prøve med hypping og ikkje hypping av potetene (Graham), viste ikkje utslag i medelavlingen for dei 2 aar. For dei enkelte aar tyder resultatata paa at i regnrike aar (1923) verkar hypping aukande og i turrare aar (1924) minkande paa avlingen. Paa daarleg molda myrjord er det uraad aa hyppa potetene skikkeleg.

## OMKRING BRENNTORVTILVIRKNINGEN OG OM TORVENS ANVENDELSE VED CENTRAL- OPVARMNINGSANLEGG.

Av professor *Thunæs*, Landbrukshøiskolen.

I anledning cheffingeniør *Lysakers* forespørsel i «*Meddelelser*» nr. 4 d. å. angående kvaliteten av den av Landbrukshøiskolen til centralopvarming benyttede brenntorv fra Korsegårdsmyren, meddeles:

Der er utført to analyser av denne torv ved Statens landbrukskjem. kontrollstasjon. Den første innsendt 1907 fra daværende eier av Korsegårdsmyren og den annen innsendt 1908 av Det Norske Myrselskap.

*Prøven 1907:* Aske 2,35 %, brennverdi 5038 cal. (5159 i askefritt stoff)

*Prøven 1908:* » 3,36 %, — 5016 » (5191. » »).

Volumvekt av lufttør masse 890 gr. pr. dm<sup>3</sup>.

Torvmyren har i over 20 år tjent som øvelsesfelt for de utskiftningsstuderende og blev i 1908 kartlagt og kubikkberegnet. Torven er senere gjentagende undersøkt. Således i 1917 (maskintorvanleggets første driftsår). Den gav da 2,05 % aske og hadde volumvekten 500—1030 ved 24 % vanninnhold.